

NORSahel

Årsmelding 2017

Styrets samansetning

Leiar: Øyvind Hope

Styremedlemmer: Tahani Siddik Berge, Øyvind Tveit, Kristin Parkinson Vågen, Anita Haugstad Haugsjø. Øyvind Hope bad hausten 2017 om å få permisjon som styreleiar grunna forhold i familien. Styret innvilga han permisjon fram til 31 mars 2018. I denne perioden har Øyvind Tveit vore fungerande styreleiar.

Styremøte

Det er avhalde 5 styremøte i 2017. Av desse er 2 gjennomførte som Skype-møte der det har vorte skrive referat på vanleg måte.

Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit, uavhengig organisasjon som er registrert i Norge og i Mali. NorSahel arbeider for å kanalisere langsiktig og bærekraftige bistand til Mali. NorSahel har dermed nesten all sin operative verksemd i Mali og har eit kontor med ein stadleg representant i landet i tillegg til fleire samarbeidspartnarar.

Organisasjonens føremål

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levkåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre bærekraft.

Samarbeidspartnarar

NorSahel har i 2017 vidareutvikla samarbeidet med dei viktigaste partnerane for arbeidet som blir drive i Mali. Den klart største og viktigaste donor for NorSahel har i 2017 vore Kavlifondet i Bergen. I tillegg til ei to årig avtale som blei signert i juni 2016 har NorSahel i 2017 fått ekstrastøtte frå Kavlifondet ved to høve. Det er god grunn til å lyfte fram samarbeidet med Kavlifondet som det avgjerande for at NorSahel har kunne etablere seg i Mali og bygd opp eit større arbeid i landet som gjev resultat! Kavlifondet har vist tillit til NorSahel og styret har forsøkt å forvalte midlane på ein slik måte at det både gagnar organisasjonen sit formål og som samstundes gjev tilbake gode og tenelege resultat for den største donor.

NorSahel har også i 2017 fått noko støtte frå Laerdal Foundation.

Ein annan viktig bidragsytar ein ikkje må gløyme er dei private giverar og lag/foreningar som støttar arbeidet. I Mali har NorSahel vidareutvikla samarbeidet med den administrative og lokale partner, EAC og med helsemyndigheitene i landet. I Mali har NorSahel i 2017 inngått nye samarbeidsrelasjonar. I mars 17 blei ei avtale underteikna med helsefagskulen Bouctou i Bamako. I oktober 2017 blei ei skrifteleg samarbeidsavtale underteikna med Koulikoro helseregion v. helsedirektøren i regionen. Sist blei ei skrifteleg avtale inngått i november 17 med Unicef Mali om opplæring i HBB metoden i Sikasso helseregion.

Aktivitet

Spesielle eventer (arrangement) i 2017

I november arrangerte NorSahel ein eigen Jentebasar i Vågsbygd, Kristiansand, som samla mange damer og gav eit godt overskot

Av andre spesielle arrangement nemnast ulike kampanjar (mellom anna strikke-kampanje), innsamling i forbindelse med bursdagar og ein eigen Spleis-kampanje.

Ein eigen profesjonell video frå arbeidet innan nyfødt/HBB blei ferdigstilt på frivillig basis av filmmakar Ragnar Hatløy i februar/mars.

Informasjonsarbeidet

I byrjinga av 2017 sette NorSahel i gang ein større informasjonskampanje i samarbeid med eit byrå i Kr.sand. Etter ei tid blei denne avtalen sagt opp av styret, i felles forståing mellom begge paratar. Styremedlem Tahani Berge har vore informasjonsansvarleg for NorSahel og på slutten av året vart det også inngått ei tidsavgrensa avtale med henne om gjennomføring av julekampanje. Tahani har, til liks med andre i styret og administrasjonen, lagt ned mykje frivillig innsats med informasjonsarbeid, inkludert arbeidet med å oppdatere Facebook og nettside.

Prosjekt

Innleiing:

NorSahel har i 2017 hatt auke i aktivitetane i Mali. Ikkje minst har vi nådd fleire viktige milepælar innan nyfødt-arbeidet. I juni fekk vi fornya autorisasjonen til å virke i Mali frå maliske styresmakter. NorSahel er meir etablert i Mali enn nokon gong og har også hatt fokus på å styrke den administrative og regnskapsmessige delen av sitt virke i landet ved å avhalde eigne kapasitets-hevingsseminar med lokal partner.

Prosjektet HBB II Mali:

Hovudprosjektet til NorSahel har vore Helping Babies Breathe II(HBB II). Her er Kavlifondet ein veldig viktig donor. Ekspertgruppa for nyfødt-prosjektet er NorSahel veldig glad og stolt over. Denne ekspertgruppa deltar aktivt under opplæringane av maliske legar og Master Trainer. Dei gir råd inn mot prosjektet og leier forskinga som fylgjer prosjektet. Gruppa, som blir leia av professor Ola Didrik Saugstad, består av i alt 9 personar og har hatt over 10 møtepunkt i 2017.

Av viktige aktivitetar/milepælar i 2017 innan dette prosjektet kan vi nemne:

- I februar blei den heilt oppdaterte og nye HBB 2.0 metoden introdusert til Mali av NorSahel
- På byrjinga av året samarbeida NorSahel med Laerdal Global Health i utforminga av nytt didaktisk materiell som følgjer den oppdaterte HBB 2.0 metoden. Dei første opplæringane med nytt materiell vart gjennomført i mars.
- Lanserte, med ekstrastøtte frå Kavlifondet, profesjonelle video-/mikrofilmar til å nyttast i opplæringa av HBB metoden. Desse filmane vart spelt inn på ei autentisk fødestoge med dyktige skodespelerar og på det lokale språket. Det blei laga i alt 8 mikrofilmar som omfattar både praktisk innføring i HBB 2.0-metoden og grundig opplæring i hygiene før, under og etter fødsel. Desse filmane vil være viktige verktøy i opplæringa framover, spesielt i rurale område der teoretiske kunnskapar ofte er mangelfulle hos jordmødre.
- Introduserte den nye HBB 2.0 i Kati helsedistrikt (med 600 000 innbyggjarar og 32 helsesentre/CSCOMs). Lærte opp 45 fasilitatorar i HBB 2.0 og over 180 jordmødre/fødselshjelparar på over 40 ulike fødestoger og helsesentre.
- Utvida arbeidet til eit nytt helsedistrikt i Mali, Banamba, med opplæring av 22 fasilitatorar og 100 jordmødre/fødselshjelparar.
- Innsamling av relevant data frå rurale helsesentre har vist seg å vere ein stor utfordring for NorSahel og ekspertgruppa. Saman prøver ein å identifisere betre metodar for å samle inn relevant data.
- Starta opp og gjennomførte opplæring ved ein større helsefagskule i Bamako, Le Bouctou. Her fekk 2 lærarar opplæring som Fasilitator, og 181 jordmorelevar fekk opplæring i metoden.
- Ola Didrik Saugstad og Mari Innerdal frå ekspertgruppa, deltok og presenterte funn og resultat frå prosjektet til NorSahel under ein større internasjonal konferanse i San Fransisco i mai 2017.
- Arrangerte eit større partnarmøte og opplærings-seminar i Dakar i august mellom ekspertgruppa og maliske partnarar. Møtet vart halde i Dakar grunna sikkerhets-situasjonen i Mali. På seminaret deltok i alt 8 nøkkelpersonar frå lokal partner og myndigheitene i Mali. Mellom anna deltok direktøren for Koulikoro helseregion.
- I oktober blei ei skriftleg og omfattande avtale om arbeid innan nyfødt(og mor)-helse inngått med Koulikoro helseregion (11 helsedistrikt, til saman over 3 millionar innbyggjarar, omfattar mellom anna Kati og Banamba helsedistrikt). Dette er nok den viktigaste avtala NorSahel har inngått i Mali.

- Inngått avtale med Unicef i oktober vedrørende samarbeid om opplæring i Sikasso helseregion. Her skal NorSahel bistå med HBB Master Trainers, mikrofilm og HBB 2.0 materiell. Avtala blei inngått mellom NorSahel og Unicef i Mali.
- Via samarbeidet med Unicef og maliske helsemyndigheiter har NorSahel deltatt i den nasjonale nyfødte-komité for Mali.
- Deltatt på Leger uten grenser (MSF) sin årlege nyfødtkonferanse i Dakar i desember. Professor Ola Didrik Saugstad frå ekspertgruppa var ein av foredragshaldarane. I tillegg deltok Mari Innerdal og HBB Master Trainer, Hawa Diall, på konferansen.

I sum har NorSahel i 2017 gitt opplæring til 6 HBB Master Trainers, 75 fasilitatorar(lærarar innan HBB som skal lære opp jordmødre/fødselshjelpere) og til saman 582 jordmødre og jordmorstudentar.

Vidare har NorSahel distribuert over 160 nettbrett og 100 smartphones med installerte mikrofilm. Desse er spreidd i eit stort geografisk område som omfattar meir enn 50 fødestoger og 50 helsesentre, CSCOMs.

Resultatet:

Prosjektet ynskjer å måle resultat i eit samarbeid med forskarar i ekspertgruppa. Dei første tala er blitt presentert i ein artikkel av Mari Innerdal og er bygd på offisielle tal frå Mali og Kati helsedistrikt der prosjektet starta arbeidet i 2016. Denne artikkelen syner i korte trekk at:

-talet på perinatal(nyfødt og dødfødt saman) dødelegheit har gått ned frå 22,3/1000 til 6/1000 når ein samanliknar med før og etter HBB (dette er tal for 2016). Dette er ein markant nedgang.

-når ein ser på tala frå 2017 ser ein at tala flatar ut, men held seg lågt samanlikna med før HBB blei introdusert i Kati helsedistrikt.

Neste artikkel frå ekspertgruppa er venta i 2018.

I 2017 fekk NorSahel to ekstra-bevillingar frå Kavlifondet. Desse er nytta til utarbeiding og utbreiing av mikrofilm, til å styrke opplæringane og for å innføre nye metodar og ny teknologi (bl.a ein HBB APP) for å sikre meir korrekt datamateriell frå rurale områder.

NorSahel ynskjer å utvide prosjektet HBB 2.0 til andre distrikt i Koulikoro og til den største offentlege jordmorskulen i Mali. Vidare vil ein vidareutvikle teknologi for å styrke opplæringane og innsamling av data. Innsamling av data og forskning vert gjort i eit nært samarbeid med Pediatrisk forskingsinstitutt, UiO og professor Ola D. Saugstad. Vidare har NorSahel på slutten av 2017 innleia samarbeid med Stavanger Universitets sjukehus om utarbeiding av ein spesiell APP (Applikasjon for nettbrett-smartphones) til bruk i arbeidet.

FGM

NorSahel har over tid planlagt å utvide arbeidet innan mor/born helse til også å gjelde arbeid for å førebygge kvinneleg kjønnslemlesting (FGM). Grunnen til at NorSahel ynskjer å involvere seg på dette området er:

1. Nesten 100 % av kvinnene er omskorne i nedslagsfeltet.
2. NorSahel har gjennom sitt prosjektteam og ekspertgruppa erfaring innan området førebygging av FGM og ynskjer å nytte denne erfaringa i Mali.

Dette arbeidet er nedfelt som mogleg. For NorSahel er samarbeidet med myndigheitene heilt avgjerande for å kunne gjere ein forskjell på dette området.

Sykkelprosjektet:

Dette prosjektet blir drive utelukkande av private innsamla midlar. Det har vore mindre fokus på innsamling til sykkelprosjektet i 2017. Hovudmålet er å få fleire jenter til å fullføre ungdomskulen.

Ved hjelp av innsamla midlar og nokre midlar vi hadde satt av frå året før, kunne vi gi også i 2017 kjøpe inn over 60 nye sykklar til ungdomskulane i Tambaga og Kokofata. Tilsaman har NorSahel bidratt med over 300 sykklar, mesteparten til jenter. I oktober fekk vi oppdaterte tal frå desse ungdomskulane. Resultatet er oppløftande lesing og viser at talet på jenter som går i ungdomskulane aukar, Det same gjeld tal på jenter som

fullfører. I Tambaga viser statistikken at 10 % fleire jenter fullførte ungdomskulen i 2017 samanlikna med 2014, då prosjektet starta opp.

Resultatet og den vedvarande gode samarbeidsviljen hos dei to ungdomskulane, gjer at NorSahel ynskjer å trappe opp arbeidet med å skaffe fleire skulesyklar til primært jenter framover. Vi vil i 2018 også vurdere om det er aktuelt å søkje eksterne midlar frå donorar til dette viktige arbeidet.

Fortsatt drift

Føresetnad om fortsatt drift er til stades, og årsregnskapet for 2017 er satt opp under denne føresetnaden.

Årsrekneskapen for 2017

Årsrekneskapen for 2017 er satt opp med ei omsetning på 1 509 108 NOK. Utgiftene er til saman på 1 448 213. Det viser eit overskot på 60 895.

Av utgiftene er 1 300 984 nytta direkte til oppfyljing av organisasjonens formål.

52 855 er nytta til innsamling av midlar. Innsamlingsprosenten er 60. Denne er litt låg, bl.a. fordi den første kampanjen som vart køyrd i 2017 ikkje gav ynskja resultat og fordi NorSahel har hatt få eventer i 2017. For 2018 vil styret auke innsamlingsprosenten og også arrangere fleire eventer.

94 374 av utgiftene blei nytta til administrasjon, ca 7 %, som er om lag same nivå som i 2016. Styret legg vekt på at administrasjonen til NorSahel skal ha høg kvalitet og liggje på eit lågt nivå i prosent, for å sikre flest mogleg midlar til arbeidet i Mali.

Dagleg leiar har i 2017 vore engasjert som programansvarleg og kontaktpunkt mellom Mali og Norge på konsulentbasis. Engasjementet svarar til ca. 30 % stilling.

Likestilling

3 av dei 5 faste medlemmene av styret er kvinner. Prosjektleiar for nyfødt-prosjektet i Mali er ei kvinneleg jordmor. I tillegg driv organisasjonen kvinneretta prosjekt i Mali både via sykkelprosjektet som er spesielt retta mot jenter, og ved at nyfødtprosjektet arbeider på fleire jordmor-/sjukepleiarskular. Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

Resultatdisponering

NorSahel sitt resultat for 2017 blir overført til neste år og vil utan avvik bli brukt til å fremje organisasjonen sine mål.

Treungen 20.03.2018



Øyvind Johannes Hope
styreleder




Øyvind Tveit
styremedlem




Anita Haugstad Haugsjå
styremedlem



Kristin Oddbjørg Parkinson Vågen
styremedlem



Hølje Haugsjå
daglig leder



Tahani Siddik Berge
styremedlem